

Granvin herad Sakspapir

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	23.08.2012	002/12	EDM
Formannskapet	04.09.2012	054/12	EDM
Heradsstyre	19.09.2012	041/12	EDM

Sakshandsamar: Ebbe Dam Meinild	Arkivkode: K2-L12	Arkivsaknr: 09/280-54
---	-----------------------------	---------------------------------

Endeleg vedtak av Sentrumsplan Tråena

Vedtaksmynde: HS

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	U	01.09.2009	Statens vegvesen	Referat frå møte med Statens vegvesen om sentrumsutvikling - bussterminal 21.08.09
4	U	09.09.2009	Jf liste	Invitasjon til møte om sentrumsutvikling strekningen Granvin barne- og ungdomsskule og Trudvang
5	I	23.09.2009	Granvin Næringsforum	Til Ordfører - Sentrumsutvikling
6	U	28.09.2009	Granvin Næringsforum	Svar frå ordførar til Granvin Næringsforum
8	U	15.02.2010	Hardanger Consult; Asplan Viak AS; Plan Vest AS; Multiconsult; Norconsult Bergen	Sentrumsplan Eide - Granvin herad - bussoppstillingsplass, miljøgate, sentrumsutvikling
7	X	17.02.2010	.	Prosjektskildring sentrumsplan Eide - Granvin herad
26	I	26.05.2010	Plan Vest Bergen AS	Avtaledokument Granvin Herad og Plan Vest
28	I	02.06.2010	Plan Vest	Varsel om oppstart av planarbeid, utarbeiding av detaljreguleringsplan for sentrumsplan Eide, gnr. 123, bnr. 3 og 30 m. fl., Granvin herad
27	U	03.06.2010	Statens Vegvesen Voss og Hardanger distriktkontor	Statens vegvesen sine kostnader ved utarbeiding av sentrumsplan Eide-Granvin herad
30	I	08.07.2010	Statens vegvesen	Statens vegvesen sin uttale til varsel om oppstart av planarbeid - Utarbeiding av detaljreguleringsplan - Sentrumsplan Eide - gnr. 123 bnr. 3 og

51	I	08.07.2010	Multiconsult AS	30 m.fl. - Granvin herad Rapport grunnundersøkelser - Sentrumsplan Eide
29	I	12.07.2010	Plan Vest Bergen AS	Innspel til oppstart av detaljreguleringsplan for sentrumsplan Eide - Gbn 123/3 og 30 mfl - Granvin herad
31	I	13.08.2010	Plan Vest	Reguleringsplan sentrumsplan Eide
32	I	25.10.2010	Samarbeidsutvalet v/ Granvin barne- og ungdomsskule	Uttale frå Samarbeidsutvalet vedkomande Sentrumsplanen
33	I	04.11.2010	Personalet ved Granvin barne- og ungdomsskule	Uttale sentrumsplan Eide, foreløbig plan.
36	I	21.06.2011	Skyss v/ driftskonsulent Olav Lydvo	Granvin kollektivterminal
34	I	06.07.2011	Plan Vest Bergen AS	Innsending av detaljreguleringsplan for sentrumsplan Eide gnr 123, bnr 3 m.fl.
38	U	06.12.2011	Avisa Hordaland	AnnONSE i Hordaland - off. ettersyn.
39	U	07.12.2011	Rune Spildo; Lars Olai Tveito; Knut H Kjerland; Berghild Emerslund; Hans Velken; Eirik Eide; Nils Seim; Ingebjørg Torild Seim; Granvin Ungdomslag; Knut Arthur Engeland; Granvin Daglegvare AS; Sonja Bjørk Karlsen; Toralf Berger Saue; Arne Linga	Melding om offentlig ettersyn - Sentrumsplanen Eide
37	U	07.12.2011	33 mottakere...	Melding om offentlig ettersyn - Sentrumsplanen Eide
40	U	23.12.2011	Thoralf Saue	Melding om offentlig ettersyn - Sentrumsplanen Eide
42	I	18.01.2012	Ingebjørg Kjerland Seim	Merknad/innspeil til Sentrumsplanen for Eide
44	I	19.01.2012	Hordaland Fylkeskommune	Detaljreguleringsplan - Sentrumsplan Eide, Granvin - offentlig ettersyn - fråsegn
43	I	20.01.2012	Norges Vassdrags- og energidirektorat	Motsegn til detaljreguleringsplan - Sentrumsplan Eide - Granvin herad
45	I	31.01.2012	Statens vegvesen	Førebels svar - Melding om offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan Sentrumsplan Eide
46	I	01.02.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til detaljreguleringsplan på gnr 123, bnr 3 og 30 mfl. Eide i Granvin herad. Offentlig ettersyn

47	U	07.02.2012	Plan Vest	Oversendingsbrev - Merknader til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Sentrumsplan Eide
49	I	15.02.2012	Statens vegvesen	Statens vegvesen sitt svar - Melding om offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan Sentrumsplan Eide - Granvin herad
48	U	17.02.2012	Norges Vassdrags- og energidirektorat	Svarbrev - Motsegn til detaljreguleringsplan - Sentrumsplan Eide - Granvin herad
55	I	13.03.2012	Plan Vest / Vegvesenet / Skyss	Eide - e-post korrespondanse 13.03.-16.03.2012
50	I	16.03.2012	Norges Vassdrags- og energidirektorat	Gjeld detaljreguleringsplan - Sentrumsplan Eide - Granvin herad
56	I	21.03.2012	Plan Vest / Vegvesenet / Skyss	Nytt plankart - e-post korrespondanse 21.03.-23.03.2012
58	I	21.03.2012	Plan Vest / Vegvesenet / Skyss	Nytt plankart - e-post korrespondanse 21.03.-14.08.2012
59	I	26.06.2012	NVE v/ Jomar Bergheim	Flaumsikring Granvin - e-post korrespondanse 26.06.- 28.06.2012
52	U	28.06.2012	Jomar Bergheim	Flaumsikring Granvin - skal det inn i sentrumsplanen?
57	I	13.08.2012	Plan Vest	Noen småting Plankart- e-post korrespondanse 13.08.2012
60	I	14.08.2012	Plan Vest Bergen AS	Planutkast ferdig - e-post korrespondanse 13.08.-14.08.2012
61	I	14.08.2012	Plan Vest Bergen AS	Sentrumsplan Eide - Forslagstiller si planskildring
53	U	15.08.2012	Norges Vassdrags- og energidirektorat	Vurdering av motsegn for detaljreguleringsplan Sentrumsplan/bussterminal
62	U	17.08.2012	Ann-Helen Nessen/Planvest	Nokre spørsmål/framlegg til endringar
63	U	21.08.2012	Eirik Eide;	Revidert framlegg til høyring hjå aktuelle grunneigarar
65	I	22.08.2012	Norges Vassdrags- og energidirektorat	Trekker motsegn til detaljreguleringsplanen - Sentrumsplan Eide - Granvin herad.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.: Plan og bygningslova

Plan og føresegner vedlagt. Planomtale (tekstdel) og andre plandokument er tilgjengelege på www.granvin.kommune.no – planar – Sentrumsplan Tråena

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING/VEDTAK:

Detaljreguleringsplan Sentrumsplan Tråena blir godkjent slik den ligg føre.

23.08.2012 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Merknad frå Rådet: I nærområdet til skulen må det tilretteleggjast tilstrekkeleg areal for av- og påstiging av rørslehemma brukarar.

RMNF-002/12 VEDTAK:

Planen vert teken til orientering med denne tilføyinga: I nærområdet til skulen må det tilretteleggjast tilstrekkeleg areal for av- og påstiging av rørslehemma brukarar.

04.09.2012 Formannskapet

FS-054/12 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

19.09.2012 Heradsstyre

Ebbe Dam Meinild er sakshandsamar og gjekk frå som representant under handsaminga. Det var ikkje kalla inn vara. Han var til stades og svara på spørsmål som plansjef.

HS-041/12 VEDTAK:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes (med 12 røyster) vedteken:

Detaljreguleringsplan Sentrumsplan Tråena blir godkjent slik den ligg føre.

FAKTA:

Bakgrunn

Bakgrunnen for planarbeidet er at Statens vegvesen i samband med rullering av kommuneplanen, varsla ynskje om å få laga eit nytt kollektivknutepunkt knytt til Rv13 og Fv7. Det vart avsett eit areal i Kjerlandskrysset, men i etterkant av at kommuneplanen vart vedtatt, har dei stilt spørsmål til Granvin herad om det er mogleg å finne eit eigna areal i sentrum i staden for. Ein årsak til dette er usikkerheit kring grunntilhøva på staden. I tillegg ynskje Statens vegvesen primært eit område utanfor det som er avsett i kommuneplanen, og

dette er eit område med store landbruksinteresser. Eit sentrumsnært kollektivknutepunkt kan også skape positive ringverknader for sentrum i Granvin. Til saman er desse momenta bakgrunnen for at område for utvikling av kollektivknutepunkt er flytta.

Føremål

- trafikkknutepunkt for kollektivtransport – bussoppstillingsplassen skal betjene reisande frå Fv7 frå Hardanger og Rv13 frå Hardanger via Vallavik og Voss.
- Trygg skuleveg for elevar som har busstransport til Granvin barne- og ungdomsskule og Voss vidaregåande skule avdeling Granvin
- Framtidssikra
- Forlengja miljøgata fram til brua over Hyrpo.
- Tilrettelegging av aktivitetsområdet vest for idrettsbana og skulen, mot Granvinselva.
- Sikring og flaumtiltak for Granvinselva .

Saksgang

- Sommaren 2009 vart det gjennomført møter med dei viktigaste interessentane i området; grunneigarar og næringsdrivande.
- 16.09.2009 vart det informasjonsmøte på skulen.
- 15.02.2010 - Anbod om planoppdraget – Plan Vest AS vart valt.
- 31.05.2010 – FS vedtak om oppstart av planarbeid.
- 24.11.12 – FS vedtak om utlegging i offentleg ettersyn 6 uker i perioden 08.12.11-22.01.12
- 08.12.11 – Møte m NVE i Førde om status for flaumsikringsplan
- 11.01.12 – Møte med SVV Voss og Kvammapakken om å sjå Sentrumsplan Tråena og Kjerlandskrysset som del av same prosess
- 10.02.12 – Møte m. GH, planleggjar, SVV og Skyss

Planavgrensing

Sjå vedlagte plankart. Område for ny kollektivknutepunkt ligg mellom yrkesskulen og butikk/bensinstasjon langs Fylkesveg 7, sjå vedlagte kart med planavgrensing. Tilstøytande område er i all hovudsak LNF. Området ligg innafør sentrumsområde i kommuneplanen og reguleringsplan for Eide (2003, 2009, 2011) regulert som bensinstasjon/forretning, industri/lager og offentleg føremål.

Innhald i planen

kollektivknutepunkt med haldeplass for bussar ligg aust for fotballbana, mellom yrkesskulen og butikk/bensinstasjon. Yrkesskulen ligg med tilhøyrande parkeringsplass og eit grøntområde mot fylkesvegen. Desse er i planframlegget definert som separate føremål. På baksida av butikk/bensinstasjon er det lagt opp til parkering som og kan nyttast av reisande med buss. På skuleområdet er det lagt inn tre nærmiljøanlegg. Eit av desse eksisterer allereie i dag. Området mellom fotballbana og Granvinselva vert av skulen nytta som uteopphaldsområde. Dette er i planframlegget regulert som eit eige føremål. Delar av bekken som i dag renn gjennom området er i planen lagt i rør.

Langs med Granvinselva er det lagt inn ein flaumsikringsone på 10 meter. Denne er todelt, slik at ein sone går langs elva og ein går innover land langsmed kunstgrasbanen og ut i elva igjen. Det skal byggjast ein voll for i større grad å hindre at vatnet flaumar inn over land ved høg vassføring. Det er lagt inn ein gangveg langs elva for å gjera ho meir tilgjengeleg. Gangvegane rammar inn planområdet. Det vert fortatt langs med FV7 i heile planområdet og

langs med kollektivknutepunktet med haldeplassar. Ein kan og følgje ein gangveg frå parkeringsplassen ved den vidaregåande skulen, langs med fotballbana, og inn på gangbrua på uteområdet ved skulen.

Langs FV7, nordaust for dei eldre bustadmiljøa i planområdet, vil ein innkøyrslé legge til rette for avsetjing av elevar ved barne- og ungdomsskulen. Denne er meint for privattrafikk. Skulebussane har stopp ved kollektivknutepunktet.

Endringar etter offentleg ettersyn

- Kollektivterminal er lagt parallelt med fylkesveg. Dette har ført til fleire mindre endringar innanfor dette området.
- nytt formål f_N/K/T01 mellom f_N/K/I01 og AB01.
- Arealformåla langs med elva i nord er trekt heilt frem til gangveg. Grøntareal er tatt vekk.
- Ny voll i tråd med ynskjer frå NVE
- o_G01 er trekt noko lenger mot elv.
- o_ABB01 er mindre og flytta noko lengre vekk frå bygga innanfor o_U01 for å mogleggjere tilkomst for beredskapskøyretøy.
- trasé for gangveg nordaust for o_IS01 er endra noko i høve til ny utforming på voll.
- plangrensa i søraust er endra noko.
- meir parkering ved BF01
- o_UA2 er tatt vekk.
- flaumsone over hele planområdet, i tråd med NVE-krav
- rekkjefølgjekrav: jf. § 2.3.2 «Sikringstiltak mot flaumfare skal være ferdig etablert før det vert gjeve byggeløyve innanfor planområdet». i tråd med krav frå NVE.
- N/K/I og N/K/T: Mønehøgder (12 meter – sett i forhold til eksisterende bygg) og utnytting av N/K/I og N/K/T inn i føresegner og formål tatt med i beskrivelse.

Organisering

Granvin herad er tiltakshavar og prosjektleiar for arbeidet, og arbeidet skal utførast i nært samarbeid med Statens vegvesen. Plan Vest Bergen As er leigd inn som planleggjar/konsulent for arbeidet. Desse tre aktørane vil utgjere arbeidsgruppa for planen.

I tillegg har ein rådført seg med ein utvida gruppe av aktørar undervegs;

- Næringsaktørar og grunneigarar innafor planområdet
- Granvin barne- og ungdomsskule
- Voss vidaregåande skule avd. Granvin
- Skyss/Tide (er allereie involvert i prosessen)
- NVE
- Statens vegvesen v/vegseksjonen

Detaljreguleringsplan Sentrumsplan Tråena vert no koordinert med Detaljreguleringsplan Kjerlandskrysset og Kvammapakken.

VURDERING:

Under kjem ein kort omtale av innspel til oppstartsmeldinga og kommentarar frå planleggjar og eventuelt administrasjonen.

Statens vegvesen, 31.1.2012: Statens vegvesen visar til samhandlingsmøte 10.2.2012 mellom Granvin herad, Skyss og Statens vegvesen og telefonsamtale med Ebbe D. Meinild der ein vart samd om at endeleg tilbakemelding etter møtet 10.2.2012.

Planleggjar sit svar: Det har vore kontinuerlig dialog mellom planavdeling i Granvin herad, plankonsulent og Statens vegvesen i høve til utforming av kollektivterminal, avkøyrslar og andre trafikkfaglege problemstillingar.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 20.01.12: NVE fremjar motsegn (jf. PBL § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at planen ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dokumentert flaumfare i planområdet. Dersom areal som er flaumutsett i dag ved 200 års flaum vert synt på plankartet som omsynssone fareområde flaum, jf. PBL §12-9, og det vert knytt føresegner til omsynssona som sikrar at utbygging kan skje med tilstrekkeleg tryggleik mot flaum, fell grunnlaget for motsegna bort.

Planleggjar sit svar:

Etter dialog med NVE har en kome fram til ny og betra plassering av flausikringsvoll, jf. føresegnssområde #1 og 2. I tillegg har ein teke i bruk omsynssone H320 Flomfare over heile planområdet. Vidare er det sikra at flaumsikringstiltak er ferdig etablert før det vært gjeve byggeløyve innanfor planområdet, jf. planføresegnene § 2.3.3.

Fylkesmannen i Hordaland – kommunal- og samfunnsplanavdelinga, 01.02.2012:

Fylkesmannen har ingen innvendingar til planen som har vore på høyring.

Planleggjar sit svar: Merknad er teke til etterretning.

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, 19.1.2012: Hordaland fylkeskommune presiserer at reguleringsplanen i hovudsak er i tråd med kommuneplan og gjeldande reguleringsplan, med kollektivknutepunktet som nytt element. Fylkeskommunen ser kollektivterminal på Eide som ei god løysing og dei konstaterer at Skyss har vore involvert i det vidare detaljplanarbeidet. Vidare ser dei planen som positiv for lokalmiljøet på Eide. Til slutt vert det vist til at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet og at dei ser at det kjem fram korleis ein har tenkt å ta omsyn til kulturminne i planområdet. Hordaland fylkeskommune har på grunnlag av dette ikkje avgjerande merknader til ny detaljreguleringsplan i det aktuelle arealet på Eide, Granvin.

Planleggjar sit svar: Merknad er teke til etterretning.

Ingebjørg Kjerland Seim, grunneigar, 18.1.2012: Kjerland Seim krev at ny grense mot eigedom 123/13 vert teke inn i kartet, og at plangrensa vert justert etter dei målingane som vart gjort 7.9.2011. Vidare spør hun kvifor byggjegrænse ikkje er vist i kartet. Kjerland Seim visar vidare til avtale med Granvin herad om at plassen mot grensa til 123/13 ikkje skal nyttast til parkering. Vidare kan ho ikkje sjå at gangvegen i området er teikna inn i kartet og vil veta kva som skal skje med denne.

Planleggjar sit svar: Grensa mot gnr./bnr. 123/13 er endra slik at ho er i tråd med nemnde måling. Byggjegrænse er jf. PBL 4 meter frå eigedomsgrænse om ikkje anna er teke med i føresegna eller i plankartet. Området mot gnr./bnr. 123/13 er no ikkje satt som parkering i detaljreguleringsplanen og gangvegen som finns i området er teke med i kartet.

Admistrasjonen si kommentar: SVV og Skyss har vore involvert grundig i prosessen. Motsegn frå NVE gjekk på bruken av omsynssone i plankartet med tanke på sikring mot 200-årsflaum. I tillegg var me samde om nytten i å innarbeide flaumsikringsplanen for Granvinselva i planen. Denne er i skrivande stund ikkje ferdig – og det er dette forhold som gjer at planen først kjem til behandling no. I juli mottok me ein skisse på flaumsikring innafor

planområde, noko som straks vart sendt til planleggjar og har vorte innarbeid i planen slik den ligg føre. Me noterar oss positiv tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune.

Oppsummering og konklusjon

Saman med utviding av miljøgata som ein håpar å få til i etterkant av planen, og illustrasjonsplanar for vidare opprusting av denne delen av sentrum, vil tiltaket vere eit positivt bidrag til ein god sentrumsutvikling i Granvin. I staden for busstopp i Kjerlandskrysset vil bussane no køyre ned til sentrum og vere enklare tilgjengeleg. I tillegg vil reisande som skal vente på korresponderande buss få eit betre tilbod. Eit nytt trafikknutepunkt mellom skulane og bensinstasjon/butikk vil verte eit positivt tilskot til sentrum i Granvin.

På denne bakgrunn vil rådmannen tilrå å vedta planframlegget, og tilhørande dokument, for detaljreguleringsplan Sentrumsplan Tråena.